

Elisabeth Eng Eibak

**Undersøking om foreldre-
betaling i barnehagar,
august 2002**

Notater

INNHALD

1. GENERELT OM UNDERSØKINGA	2
2. OM TABELLANE.....	3
3. SPESIELLE MERKNADER	4
4. KOMMENTARAR TIL TAKSTANE FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR.....	4
4.1 Månadssatsane på landsbasis.....	4
4.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner	4
4.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner	5
4.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner	5
4.5 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner	6
4.6 Årsbetalinga på landsbasis.....	6
4.7 Årsbetaling på regionsnivå	6
4.8 Betalingssystem	7
4.9 Rabatt/friplass	7
4.10 Syskenmoderasjon	8
4.11 Kor mange gonger i året det blir betalt.....	8
4.12 Mat-/kostpengar	8
4.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år	8
5. KOMMENTARAR TIL TAKSTANE FOR PRIVATE BARNEHAGAR.....	9
5.1 Kommenterar til takstane for private barnehagar (regionstal).....	11
6. VEDLEGG	
Tabellar	13
De sist utgitte publikasjonene i serien Notater	43

1. Generelt om undersøkinga

Denne rapporten er arbeidd fram av Statistisk sentralbyrå (SSB) på oppdrag frå Barne- og familiedepartementet ved Familie- og barnehageavdelinga. SSB har i oppdrag å gjennomføre ei utvalsundersøking av foreldrebetalinga for heildagsopphald i kommunale og private barnehagar i januar og august kvart år. Denne datainnsamlinga vart gjennomført i august 2002 og arbeidet med datamaterialet vart avslutta i oktober 2002.

Undersøkinga og rapporten omhandlar heildagsopphald i kommunale barnehagar og private barnehagar utan kommunalt tilskot.

Heildagsopphald er det som kommunane til kvar tid definerer som heildagsopphald.

Dei utvalde kommunane vart bedne om å gi følgjande opplysningar for kommunale barnehagar per august 2002:

- betalingssats for heildagsplass for hushald på fire ulike inntektsnivå, brutto årsinntekt i hushaldet (hos dei føresette) på respektive 100 000, 250 000, 375 000 og 500 000 kroner,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuell rabatt-/friplassordning.

SSB har teke imot opplysningar frå alle kommunane som blei trekte til utvalet, i alt 109 kommunar, det vil seie frå Oslo og 6 kommunar frå kvart av dei andre 18 fylka. Dette tilsvarer vel ein fjerdedel av kommunane i landet og omfattar to tredjedelar av dei kommunale heildagsplassane i landet.

SSB har valt å dele kommunane i landet inn etter bestemte kriterie. Første kriterium er fylke, og det blir trekt 6 kommunar innan kvart fylke (ser bort frå Oslo som er eit eige område). Det er lagt vekt på å sikra ein representasjon av både by- og landkommunar.

Utvalet av private heildagsbarnehagar utan kommunalt tilskot består av 55 barnehagar som er trekte frå områda Oslo, Stavanger, Bergen, Trondheim og Bodø, alle med omland. Omland er bestemt utifrå busetjingsforhold og kommunikasjonsstruktur. Nytt for denne undersøkinga er at det også er ein inndeling etter fem regionar lik dei kommunale barnehagane er, og med det har utvalet blitt utvida og utgjer 111 barnehagar. Dei private barnehagane vart bedne om følgjande opplysningar for januar 2002 og august 2002, medan dei nye i tillegg ble bedne om august 2001:

- betalingssats for heildagsopphald,
- eventuell moderasjon for første sysken,
- eventuelle kostpengar i tillegg til opphaldsbetalinga,
- kor mange gonger i året det blir betalt,
- eventuelle innskot.

Dei private heildagsbarnehagane utan kommunalt tilskot er trekte ut på ein måte som sikrar representasjon frå både by- og omlandskommunane.

2. Om tabellane

Dei fire første tabellane omhandlar kommunale barnehagar. Berre tabell 5a og 5b omfattar private barnehagar. Alle gjennomsnittsutrekningar er gjort med simpelt snitt. Det vil seie at alle observasjonar blir vektta likt.

Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga, gir ei fylkesvis oversikt over førekomsten av nokre kjennemerke i undersøkinga, bl.a. inntektsgraderte satsar, opphaldstid og kostpengar.

Tabell 2a Gjennomsnittlege månadssatsar for fylke og bruttoinntekt, er ei oversikt for landet delt inn etter fylke. Den inneheld gjennomsnittstal for månadssatsar i det enkelte fylket og på landsbasis for august 2001 og 2002, og prosentvis endring i månadssatsane pr august frå 2001 til 2002.

Tabell 2b Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt, er ei oversikt for landet delt inn etter fylke. Den inneheld gjennomsnittstal for årsbetalinga i det enkelte fylket og på landsbasis for august 2001 og 2002, og prosentvis endring i årsbetalinga pr august frå 2001 til 2002.

Tabell 2c Gjennomsnittlege månadssatsar og årsbetaling etter bruttoinntekt, viser gjennomsnittstal for heile landet for januar 2002 og august 2002, og prosentvis endring mellom desse to tidspunkta.

Tabell 3 gir ei oversikt for utvalskommunane innan kvart fylke, med opplysningar om prisar og betalingsvilkår i august 2002, samt utrekna årsbetaling for hushald med eit og to barn i barnehage. I tillegg er det utrekna gjennomsnittlege augustsatsar og gjennomsnittleg årsbetaling i fylket. Årsbetalinga for eit barn får ein ved å ta augustsatsen, inklusive eventuelle kostpengar, og multiplisere med talet på betalingar i løpet av året. Årsbetalinga er ein utrekna storleik gitt at augustvilkåra blir haldne uendra.

Tabell 4 Årsbetaling etter region og bruttoinntekt, er ei oversikt over regionane. Den viser utrekna gjennomsnittleg årsbetaling for hushald på dei fire inntektsnivåa og for alternativa eit og to barn i barnehage.

Tabell 5a Månads- og årsbetaling etter region og talet på barn, gir nokre hovudtal for private barnehagar som ikkje tek imot kommunalt tilskot, i utvalde byområde. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg betaling for hushald med eit barn i barnehagen for august 2001 og august 2002, samt prosentvis endring i augustbetalinga. Vidare gir tabellen tala for gjennomsnittleg årsbetaling, inkludert eventuelle kostpengar, for hushald med eit eller to barn i privat barnehage.

Tabell 5b Månads- og årsbetaling etter region og talet på barn, for private barnehagar utan kommunalt tilskot, fordelt på regionar. Tabellen opplyser om gjennomsnittleg betaling for hushald med eit barn i barnehage for august 2001 og august 2002, samt prosentvis endring i augustbetalinga. Vidare gir tabellen tala for gjennomsnittleg årsbetaling, inkludert kostpengar, for hushald med eit eller to barn i privat barnehage.

I gjennomsnittsutrekningane blir også null inkludert som pris.

3. Spesielle merknader

Rapporten gir prisar og føresetnader for alle barn i barnehage same kva alder og type barnehage (vanleg barnehage, familiebarnehage). I dei tilfella ein kommune tek høgare pris for barn under 3 år, er det gjort merknad om dette i fotnote til tabellen. Vidare er det opplyst i fotnote i kva fall kommunen opererer med nettoinntekt framfor bruttoinntekt når dei fastset foreldrebetalinga.

Augustsatsane og utrekna årsbetaling i tabellane viser berre punktobservasjonar for fire inntektsnivå.

I kommunar med inntektsavhengig foreldrebetaling kan det liggje til grunn ulike inntektsbegrep for fastsetjing av foreldrebetalinga. Dette fører til at samanlikningar av takstnivået mellom kommunar, fylke og regionar er noko uviss. Uvissa er lågare dess høgare nivå vi gjer samanlikningar på. Det er vanleg at kommunane regulerer barnehagesatsane med verknad frå 1. januar og/eller 1. august. Satsane og vilkåra i denne undersøkinga er dei som gjaldt i august.

Når det gjeld dei private barnehagane har vi denne gongen valt å ta med ein ekstra tabell som omfattar både private barnehagar utan kommunalt tilskot fordelt på dei største byane, og ein fordeling på dei fem regionane. Årsaka til at vi har valt å gjere det slik er at utvalet i undersøkinga har vorte redusert sidan førre måling grunna variasjonar i samanheng med kven som mottok kommunalt tilskot samt nedleggingar av barnehagar. Dette gjer det vanskelegare å sikre representasjon frå by- og omlandskommunane. Tilleggstrekkninga i august 2002 gjer at tidligare publiserte tal er noko endra.

4. Kommenterar til takstane for kommunale barnehagar


4.1 Månadssatsane på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 100 000, 250 000, 375 000 og 500 000 kroner var månadssatsane for august 2002, for heildagsplass i kommunale barnehagar, på landsbasis i gjennomsnitt respektive **2 028, 2 528, 2 782 og 2 869** kroner. I forhold til same inntektsnivå var satsane i same følgd **5,2** prosent, **6,6** prosent, **5,9** prosent og **5,4** prosent lågare i august 2002 enn i august 2001.

4.2 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner

Høgaste betalingssatsar finn ein i Møre og Romsdal (**2 973** kroner), Nord-Trøndelag (**2 758** kroner) og Troms (**2 754** kroner). Høg betalingssats for låginntektsgrupper har blant anna samanheng med foreldrebetalingssystemet kommunane har valt. Årsaka er at kommunane i desse fylka i liten grad brukar betalingssatsar som er avhengige av inntekta til hushaldet. Dermed er det liten eller ingen prisskilnad for ein barnehageplass same kva hushaldet tener. Tilsvarende blir prisen for barnehageplassar for foreldre med låg inntekt lågast i fylka som er prega av inntektsavhengige betalingssatsar. Lågaste betalingssatsar har Oslo (**725** kroner), Rogaland (**1003** kroner) og Akershus (**1 087** kroner).

Figur 1. Gjennomsnittleg månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.
Brutto årsinntekt på 100 000 kroner. August 2002.



Desse tala skal tolkast noko varsamt. Med kombinasjonen låg inntekt og høge barnehageutgifter kan hushalda i mange tilfelle kome inn under ulike rabatt-/friplassordningar, eller etter særskild behandling få økonomisk hjelp frå sosialkontoret.


4.3 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 250 000 kroner

Høgaste betalingssatsar har Møre og Romsdal (2 973 kroner), Hedmark (2 874 kroner) og Hordaland (2 799 kroner). Lågaste betalingssatsar har Rogaland (2 109 kroner), Finnmark (2 160 kroner) og Oslo (2 200 kroner).

4.4 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 375 000 kroner

Høgaste betalingssatsar har Oslo (3 200 kroner), Møre og Romsdal (2 973 kroner) og Hordaland (2 957 kroner). Lågaste betalingssatsar har Finnmark (2 423 kroner), Sogn og Fjordane (2 568 kroner) og Telemark (2 628 kroner).

Figur 2 Gjennomsnittlig månadsbetaling for eit barn i kommunal barnehage.
Brutto årsinntekt på 375 000 kroner. August 2002.



4.5 Månadssatsane for hushald med brutto årsinntekt på 500 000 kroner

Høgaste betalingssatsar har Akershus (3 284 kroner), Oslo (3 200 kroner) og Vest-Agder (3 139 kroner). Lågaste betalingssatsar har Finnmark (2 499 kroner), Sogn og Fjordane (2 568 kroner), og Nordland (2 713 kroner).

4.6 Årsbetalinga på landsbasis

Med brutto årsinntekt på 100 000, 250 000, 375 000 og 500 000 kroner, var årsbetalinga på landsbasis for hushald med eit barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **23 284**, **28 796**, **31 602** og **32 572** kroner. I forhold til same inntektsnivå var årsbetalinga respektive **4,8** prosent, **6,2** prosent, **5,5** prosent og **5,0** prosent lågare i august 2002 enn i august 2001.


For tilsvarende bruttoinntekter var årsbetalinga på landsbasis for hushald med to barn i barnehage i gjennomsnitt respektive **37 900**, **46 579**, **50 908** og **52 375** kroner. I forhold til tilsvarende inntektsnivå var årsbetalinga respektive **4,7** prosent, **6,0** prosent, **5,3** prosent og **4,8** prosent lågare i august 2002 enn i august 2001.

4.7 Årsbetaling på regionsnivå

Som figuren nedafør illustrerer, er det stor variasjon i årsbetalinga for hushald med brutto årsinntekt på 100 000 kroner på grunn av at inntektsavhengige satsar blir brukt i ulik grad. For denne inntektsgruppa har Agder/Rogaland lågaste årsbetaling, **15 079** kroner for eit barn og **24 331** kroner for to barn i barnehage. Høgaste årsbetaling for hushald med årsinntekt på 100 000 kroner har Trøndelag, kor årsbetalinga er respektive **30 926** kroner for eit barn og **51 286** kroner for to barn.

For hushald med årsinntekt på 250 000 kroner varierer årsbetalinga frå **24 646** kroner (Agder/Rogaland) til **31 934** kroner (Trøndelag) for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga frå **39 592** kroner (Agder/Rogaland) til **52 798** kroner (Trøndelag).

Figur 3. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn i kommunal barnehage etter region og samla brutto årsinntekt. August 2002.



For hushald med årsinntekt på 375 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **29 867** kroner (Nord-Noreg) og **32 301** kroner (Trøndelag) for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **47 125** kroner (Nord-Noreg) og **53 348** kroner (Trøndelag).

For hushald med årsinntekt på 500 000 kroner varierer årsbetalinga mellom **30 374** kroner (Nord-Noreg) og **33 671** kroner (Austlandet) for eit barn i barnehage. Med to barn i barnehage varierer årsbetalinga mellom **47 885** kroner (Nord-Noreg) og **53 980** kroner (Austlandet).

4.8 Betalingssystem

63 av 109 kommunar har "flate" månadssatsar, det vil si at satsen ikkje er differensiert etter hushaldet si inntekt. Dei andre kommunane hadde inntektsgraderte månadssatsar. Nokre av desse kommunane graderer betalingssatsane etter Folketrygdas grunnbeløp. Etersom grunnbeløpet blir oppjustert kvart år, vil eit hushald med konstant inntekt før eller sidan få lågare opphaldsbetaling.

4.9 Rabatt/friplass

73 av kommunane i utvalet tilbyr friplassar, økonomisk hjelp eller rabatt. Dette tilsvarer 67 prosent av utvalet. I underkant av 14 prosent av desse kommunane tilbyr friplassar gjennom det ordinære betalingssystemet sitt. Det er 11 prosent av kommunane som tildeler friplass etter separat behandling ved det organ som har opptaksfullmakt. Om lag 82 prosent av kommunane tilbyr friplass etter særskilt behandling, gjennom f.eks. sosialkontor, barnevernsnemnd eller skulekontor. (Summen av prosentpoenga går over 100 fordi nokre kommunar tilbyr friplassar etter fleire av behandlingsmåtane.) Dei resterande 36 kommunane har ingen rabattordningar.

4.10 Syskenmoderasjon

Alle kommunane gir syskenmoderasjon. Det er 51 kommunar som gir 50 prosent syskenmoderasjon til barn nummer to, medan det i august 2001 var 52. Det er ingen kommunar som tilbyr over 50 prosent i syskenmoderasjon. I hovudsak gir kommunane ikkje syskenmoderasjon på mat-/kostpengar.

4.11 Kor mange gonger i året det blir betalt

I utvalet var det 103 kommunar som hadde foreldrebetaling for heilårsopphald fordelt på 11 månadlege betalingar. 2 kommunar hadde 10 betalingar og 4 kommunar hadde 12 betalingar.

4.12 Mat-/kostpengar

59 av 109 kommunar krev inn mat-/kostpengar separat. Undersøkinga tek berre omsyn til dei tilfella kor mat-/kostpengar blir spesifiserte nærmare. I undersøkinga er det ikkje teke med kostpengar som er avtalt direkte mellom den enkelte barnehagen og dei føresette. Dette fører til at samanlikningane av månadssatsane og årsbetaling mellom kommunar, fylke og regionar kan vere noko usikre.


4.13 Eigne betalingssatsar for barn under 3 år

24 kommunar i utvalet har høgare betalingssats for barn under 3 år, medan i august 2001 var det tilsvarende talet 23 kommunar.

5. Kommentarer til takstane for private barnehagar

Private barnehagar som ikkje får kommunalt tilskot, fastset sjølve foreldrebetalinga. Det mest vanlege er ein fast pris pr. plass, dvs. det blir ikkje teke omsyn til inntekta til foreldra/føresette.

Figur 4a. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter område og betalingsår. Private barnehagar utan kommunalt tilskot. August 2001 og august 2002 ¹.



For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar utan kommunalt tilskot for august 2002 mellom **35 573** kroner (Bodø m/omland) og **47 162** kroner (Stavanger m/omland). For hushald med to barn i barnehage ligg betalinga mellom **63 013** kroner (Bodø m/omland) og **87 523** kroner (Stavanger m/omland).

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 500 000 kroner, busette i Oslo er skilnaden i årsbetalinga for august 2002 17 prosent i kommunal og privat barnehage utan kommunalt tilskot i same område, det same gjeld Bergen. I Stavanger er årsbetalinga 31 prosent lågare i kommunale barnehagar enn i private barnehagar utan kommunalt tilskot. Skilnaden mellom årsbetalinga i kommunale barnehagar og private barnehagar utan kommunalt tilskot i Bodø og Trondheim er den same for alle inntektsgruppene. Årsbetalinga i Bodø er 13 prosent lågare i kommunale barnehagar enn i private utan kommunalt tilskot. I Trondheim derimot er årsbetalinga 8 prosent høgare i kommunale barnehagar samanlikna med private utan kommunalt tilskot i same område.


For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 375 000 kroner busette i Oslo og Bergen er skilnaden på årsbetalinga for august 2002 17 prosent i kommunal og privat barnehage utan kommunalt tilskot. I Stavanger er årsbetalinga 40 prosent lågare i kommunale barnehagar enn i private barnehagar utan kommunalt tilskot.

¹ Satsane som gjeld for august 2001 er basert på utvalet for august 2002.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Stavanger og Oslo respektive 56 og 43 prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar utan kommunalt tilskot i same område. I Bergen er årsbetalinga i kommunale barnehagar 17 prosent lågare enn i private barnehagar.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 100 000 kroner er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Oslo, Bergen og Stavanger mykje lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar utan kommunalt tilskot i same område.


Figur 5a. Gjennomsnittleg årsbetaling for eibarn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2002.



5.1 Kommentarer til takstane for private barnehagar (regionstal)

Grunna få observasjonar kan regionstallane vere noko usikre. Årsaka til at utvalet har vorte redusert sidan førre måling er variasjonar i samanheng med kven som mottok kommunalt tilskot samt nedleggingar av barnehagar. Nedanfor følger derfor ein ny figur (4b) som omfattar private barnehagane utan kommunalt tilskot med inndeling som dei kommunale, det vil seie at barnehagane er fordelt på fem regionar, og utvalet blir noko større, 111 stykk.

Figur 4b. Gjennomsnittleg årsbetaling for eit barn etter område og betalingsår. Private barnehagar utan kommunalt tilskot. August 2001 og august 2002 ².



For hushald med eit barn i barnehage varierer årsbetalinga i private barnehagar utan kommunalt tilskot for august 2002 mellom **34 404** kroner (Nord-Noreg) og **41 893** kroner (Agder/Rogaland). For hushald med to barn i barnehage ligg betalinga mellom **60 786** kroner (Nord-Noreg) og **78 201** kroner (Agder/Rogaland).

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 500 000 kroner, busette på Vestlandet er det ikkje meir enn knappe 10 prosent skilnad på årsbetalinga for august 2002 i kommunal barnehage og privat barnehage utan kommunalt tilskot i same område. I Trøndelag og Nord-Noreg er årsbetalinga 12 prosent lågare i kommunale barnehagar enn i private barnehagar utan kommunalt tilskot. Medan i Agder/Rogaland og på Austlandet er skilnadene på respektive 21 og 14 prosent.


For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 375 000 kroner er det berre små endringar frå inntekt på 500 000 kroner.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 250 000 kroner, er årsbetalinga for kommunal barnehageplass i Agder/Rogaland og Austlandet respektive 41 og 26 prosent lågare enn gjennomsnittleg årsbetaling i private barnehagar utan kommunalt tilskot i same område. I Nord-Noreg er årsbetalinga i kommunale barnehagar 17 prosent lågare enn i private barnehagar utan kommunalt tilskot. Medan skilnadane på Vestlandet og i Trøndelag er på 13 prosent.

² Satsane som gjeld for august 2001 er basert på utvalet for august 2002.

For hushald med eit barn i barnehage og brutto årsinntekt på 100 000 kroner er det store skilnadar i årsbetalinga for kommunal barnehageplass i forhold til private barnehagar. I Agder/Rogaland ligg årsbetalinga på dei kommunale 64 prosent under dei private barnehagane, medan i Trøndelag ligg årsbetalinga på dei kommunale barnehagane 16 prosent under dei private barnehagane.

Figur 5b. Gjennomsnittleg årsbetaling for eitbarn etter region, barnehagetype og hushaldet si samla brutto årsinntekt. August 2002.



Tabell 1 Oversiktsdata for undersøkinga

Fylke	Talet på kommunar i fylket					
	med i undersøkinga	med inntektsgraderte månads-satsar	med flate månads-satsar	med syskenmoderasjon	som bruker kost-pengar	med 11 betalings-månader
Østfold	6	1	5	6	5	6
Akershus	6	6	0	6	3	4
Oslo	1	1	0	1	0	1
Hedmark	6	1	5	6	4	6
Oppland	6	0	6	6	4	6
Buskerud	6	4	2	6	0	5
Vestfold	6	4	2	6	3	6
Telemark	6	4	2	6	4	6
Aust-Agder	6	4	2	6	4	6
Vest-Agder	6	6	0	6	3	6
Rogaland	6	5	1	6	2	4
Hordaland	6	2	4	6	0	6
Sogn og Fjordane	6	2	4	6	4	5
Møre og Romsdal	6	0	6	6	2	6
Sør-Trøndelag	6	1	5	6	6	6
Nord-Trøndelag	6	0	6	6	3	6
Nordland	6	2	4	6	4	6
Troms	6	0	6	6	2	6
Finnmark	6	3	3	6	6	6
I alt	109	46	63	109	59	103
I alt i prosent		42,2	57,8	100,0	54,1	94,5

Tabell 2 a Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost			
	Bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000
Østfold				
aug.01	2346	2978	3009	3009
aug.02	2532	2772	2804	2804
Pst. endring	7,9	-6,9	-6,8	-6,8
Akershus				
aug.01	1443	2583	3214	3562
aug.02	1087	2239	2894	3284
Pst. endring	-24,6	-13,3	-9,9	-7,8
Oslo				
aug.01	800	2550	3650	3650
aug.02	725	2200	3200	3200
Pst. endring	-9,4	-13,7	-12,3	-12,3
Hedmark				
aug.01	2527	2935	2935	2935
aug.02	2466	2874	2874	2874
Pst. endring	-2,4	-2,1	-2,1	-2,1
Oppland				
aug.01	2801	2801	2801	2801
aug.02	2741	2741	2741	2741
Pst. endring	-2,1	-2,1	-2,1	-2,1
Buskerud				
aug.01	1825	2710	3123	3280
aug.02	1597	2484	2933	3010
Pst. endring	-12,5	-8,4	-6,1	-8,2
Vestfold				
aug.01	1913	2372	2973	3147
aug.02	1842	2295	2753	3061
Pst. endring	-3,7	-3,3	-7,4	-2,7

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost			
	Bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000
Telemark				
aug.01	1315	2714	2984	3057
aug.02	1312	2395	2628	2877
Pst. endring	-0,3	-11,7	-11,9	-5,9
Aust-Agder				
aug.01	1771	2480	3144	3229
aug.02	1592	2221	2792	2861
Pst. endring	-10,1	-10,4	-11,2	-11,4
Vest-Agder				
aug.01	1251	2391	3048	3253
aug.02	1313	2228	2894	3139
Pst. endring	5,0	-6,8	-5,0	-3,5
Rogaland				
aug.01	1412	2464	2899	3116
aug.02	1003	2109	2740	2854
Pst. endring	-29,0	-14,4	-5,5	-8,4
Hordaland				
aug.01	2385	2923	3098	3098
aug.02	2277	2799	2957	2957
Pst. endring	-4,5	-4,2	-4,5	-4,5
Sogn og Fjordane				
aug.01	1949	2572	2703	2703
aug.02	1865	2440	2568	2568
Pst. endring	-4,3	-5,1	-5,0	-5,0
Møre og Romsdal				
aug.01	2995	2995	2995	2995
aug.02	2973	2973	2973	2973
Pst. endring	-0,7	-0,7	-0,7	-0,7

Tabell 2 a (framhald) Gjennomsnittlige månedssatsar for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Månadssats, utan kost			
	Bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000
Sør-Trøndelag				
aug.01	2661	2844	2911	2911
aug.02	2612	2795	2862	2862
Pst. endring	-1,8	-1,7	-1,7	-1,7
Nord-Trøndelag				
aug.01	2975	2975	2975	2975
aug.02	2758	2758	2758	2758
Pst. endring	-7,3	-7,3	-7,3	-7,3
Nordland				
aug.01	2186	2674	2807	2869
aug.02	2071	2518	2651	2713
Pst. endring	-5,2	-5,8	-5,6	-5,4
Troms				
aug.01	2843	2843	2843	2843
aug.02	2754	2754	2754	2754
Pst. endring	-3,2	-3,2	-3,2	-3,2
Finnmark				
aug.01	2126	2466	2607	2718
aug.02	1918	2160	2423	2499
Pst. endring	-9,8	-12,4	-7,0	-8,1
Heile landet				
aug.01	2139	2705	2955	3034
aug.02	2028	2528	2782	2869
Pst. endring	-5,2	-6,6	-5,9	-5,4

Tabell 2 b Gjennomsnittlig årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Årsbetaling, inkludert kostpenger								
Fylke	Eit barn, bruttoinntekt kr.				To barn, bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000	100000	250000	375000	500000
Østfold								
aug.01	27289	34243	34586	34586	45614	57151	57700	57700
aug.02	29333	31973	32331	32331	49145	53369	53941	53941
Pst. endring	7,5	-6,6	-6,5	-6,5	7,7	-6,6	-6,5	-6,5
Akershus								
aug.01	17495	30033	36974	40802	27106	47002	57413	63155
aug.02	13438	26341	33762	38287	21056	41527	52659	59446
Pst. endring	-23,2	-12,3	-8,7	-6,2	-22,3	-11,6	-8,3	-5,9
Oslo								
aug.01	8800	28050	40150	40150	13200	42075	60225	60225
aug.02	7975	24200	35200	35200	11963	36300	52800	52800
Pst. endring	-9,4	-13,7	-12,3	-12,3	-9,4	-13,7	-12,3	-12,3
Hedmark								
aug.01	28510	33002	33002	33002	48497	56132	56132	56132
aug.02	28134	32626	32626	32626	48030	55665	55665	55665
Pst. endring	-1,3	-1,1	-1,1	-1,1	-1,0	-0,8	-0,8	-0,8
Oppland								
aug.01	32215	32215	32215	32215	55008	55008	55008	55008
aug.02	31568	31568	31568	31568	53078	53078	53078	53078
Pst. endring	-2,0	-2,0	-2,0	-2,0	-3,5	-3,5	-3,5	-3,5
Buskerud								
aug.01	20522	30252	34944	36679	32238	47618	54657	57258
aug.02	17937	27689	32785	33635	28267	43639	51283	52559
Pst. endring	-12,6	-8,5	-6,2	-8,3	-12,3	-8,4	-6,2	-8,2
Vestfold								
aug.01	21780	26829	33433	35350	34362	41936	51841	54718
aug.02	21005	25990	31031	34415	33206	40683	48244	53321
Pst. endring	-3,6	-3,1	-7,2	-2,6	-3,4	-3,0	-6,9	-2,6

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar							
	Eit barn, bruttoinntekt kr.				To barn, bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000	100000	250000	375000	500000
Telemark								
aug.01	15587	30970	33940	34746	24626	47700	52155	53365
aug.02	15367	27282	29841	32578	24232	42104	45943	50049
Pst. endring	-1,4	-11,9	-12,1	-6,2	-1,6	-11,7	-11,9	-6,2
Aust-Agder								
aug.01	20717	28516	35822	36753	33440	45542	56721	58118
aug.02	18755	25669	31952	32706	30241	40950	50560	51691
Pst. endring	-9,5	-10,0	-10,8	-11,0	-9,6	-10,1	-10,9	-11,1
Vest-Agder								
aug.01	14639	27172	34399	36661	23228	42765	54006	57416
aug.02	15341	25406	32732	35422	24349	39925	51375	55409
Pst. endring	4,8	-6,5	-4,8	-3,4	4,8	-6,6	-4,9	-3,5
Rogaland								
aug.01	15813	26999	31487	33709	26373	44347	51602	55109
aug.02	11140	22863	29675	30854	18403	37900	49631	51574
Pst. endring	-29,6	-15,3	-5,8	-8,5	-30,2	-14,5	-3,8	-6,4
Hordaland								
aug.01	26233	32155	34080	34080	41435	51317	54204	54204
aug.02	25051	30789	32531	32531	39570	49176	51789	51789
Pst. endring	-4,5	-4,2	-4,5	-4,5	-4,5	-4,2	-4,5	-4,5
Sogn og Fjordane								
aug.01	22503	29785	31224	31224	36378	48085	50244	50244
aug.02	21683	28400	29811	29811	35095	45875	47993	47993
Pst. endring	-3,6	-4,7	-4,5	-4,5	-3,5	-4,6	-4,5	-4,5
Møre og Romsdal								
aug.01	33526	33526	33526	33526	55949	55949	55949	55949
aug.02	33380	33380	33380	33380	55804	55804	55804	55804
Pst. endring	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3

Tabell 2 b (framhald) Gjennomsnittleg årsbetaling for fylke og bruttoinntekt

Fylke	Årsbetaling, inkludert kostpengar							
	Eit barn, bruttoinntekt kr.				To barn, bruttoinntekt kr.			
	100000	250000	375000	500000	100000	250000	375000	500000
Sør-Trøndelag								
aug.01	30864	32881	33614	33614	49583	52608	53708	53708
